

## INDRE NORDMØRE FORSVARSFORENING ( INF )

### FRAMTIDAS FORSVAR

Indre Nordmøre Forsvarsforening ( INF ) har merka seg at det no i valåret har vore ein pågåande debatt om framtidens forsvar. Ein slik debatt helsar INF velkommen. Det er lenge sidan forsvaret har vore så mykje framme i ein valkamp.

INF har i mange år ved innlegg i media påpeka underfinansering og manglar i forsvaret. Dette har skjedd under skiftande regjeringar.

Vedtatt langtidsplan med ein betydeleg opptrapping av forsvaret kan vera starten til at dette no snur og går i riktig retning. Nye F-35 kampfly, nye ubåtar og nye overvåkingsfly er naudsynte investeringar for framtidens forsvar. Det vi har av dagens materiell er både gammalt og slitt. Utfasing er difor naudsynt.

Det er og gledeleg at dei fleste politiske parti no innser at 2 % av BNP skal gå til Forsvaret i tida som kjem.

Indre Nordmøre forsvarsforening er likevel uroa over at Hæren og Heimevernet ikkje får den opptrappinga som er naudsynt. Sjølv om Landmaktstudien enno ikkje er framlagt, tyder lekkasjer frå denne at desse våpengreinene ikkje får sine heilt naudsynte løft.

Hæren må rustas opp med tilføring av betydeleg personell og utstyr. Av kompetente offiserar har Hæren fleire gonger vorte betegna som så liten at den knapt kan forsvare ein bydel i hovudstaden.

For Heimevernet må strukturen leggjast opp etter klåre oppdrag og behov. Ein slik analyse kan vi ikkje sjå er kome fram. Ut frå lekkasjer frå utgreiingar kan eit realistisk antall personell vera opp mot 50.000, istaden for vedtatte 38.000. Heimevernet må også fortsatt ha eiga leiing med eigen GIHV slik som no. Felles leiing med Hæren er inga god løysing. Det er og sers viktig at HV er landsdekkande og kan bistå lokalsamfunna når det røyner på som ved naturkatastrofar og andre alvorlege hendingar. HV-loven på dette området må ikkje rokkast. I ein hemmelegstempla årsrapport frå Forsvarssjefen for 2016, publisert i media, får HV stryk saman med andre forsvarsgreinar. Kun 1 av tilsaman 249 HV-områder er beredskapsklar, noko som tilsier at desse avdelingane manglar mellom anna personell og kvalifisert befall, våpen, materiell og utrustning. Desse manglane må det snarast rettast opp i.

For Heimevernet i Møre og Romsdal er det sers viktig at Møre og Fjordane Hv-distrikt 11 vert opprettheldt med minst den styrkesamansetting som dagens organisering. Lokal tilstadeverande og leiing er ein suksessfaktor for eit vel fungerande Heimevern.

Vedtatt avvikling av Sjøheimevernet må også takast opp til ny vurdering, då oppgaver for SHV utgjer eit svert viktig bidrag for overvåkinga av vår langstrakte kyst, noko som vanskeleg kan erstattast.

Det er vårt håp at landmaktstudien bidrar til å retta opp desse forholda og at framtidige regjeringar og styresmakter syter for nødvendige prioriteringar av midlar til framtidens forsvar.

Indre Nordmøre forsvarsforening  
Styret